



Arkivnr: 2014/560-265

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg**Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		16.12.2016

Ungdommens fylkesting 2017: Førebuing**Samandrag**

Ungdommens fylkesutval har vedteke at Ungdommens fylkesting 2016 vert halde 10.-12. februar på Quality Hotel Edvard Grieg. Innkalling til tinget må ut 2 månader før tinget, det vil seie 9. desember.

For at delegatane skal kunne førebu seg til tinget må ein del dokument skrivast og sendast ut til ungdomsråda. I fjer vart desse dokumenta sendt ut:

- *Program*: vert laga av UFU. Bør kome med utkast etter møte i desember og verte vedteke på første møte i januar.
- *Dagsorden*: Dette er det same som saksliste. I prinsipp kan ein bruke mykje den same som sist. Når det gjeld vala som skal gjerast er det greitt om dei kjem ut på førehånd, men om det ikkje let seg gjere kan dei leggast fram i møtet.
- *Forretningsorden*: UFU må vedta denne, sjá gjerne gjennom om det er noko som bør endrast.
- *Budsjett 2017*: UFU må vedta budsjett. Ein sak om dette kjem i møtet i desember.
- *Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval*: Dette er dei noverande vedtekten og vert sendt som informasjon.
- *Ungdommens fylkesting frå A til Å*: Dette har tidlegare vore utarbeida av UFU for å gjøre det lettare for nye delegatar å forstå dei ulike omgrepene som vert brukt på UFT. Bra om UFU ser igjennom om det er noko som bør endrast, fjernast eller leggast til.
- *Årsmelding og rekneskap 2016*: UFU må vedta dette seinast på første møte i januar. Rekneskapet vert lagt fram på det møtet, då det ikkje er mogleg å få gjort ferdig før.
- *Ungdommens planprogram 2016*: Berre til orientering.
- *Ungdommens planprogram 2017, innstilling frå UFU*: UFU må innstille til nytt Ungdommens planprogram 2017. UFU må vedteke dette seinast første møte i januar, men om de vert ferdige med det før vore det best. Då kan ungdomsråda få det tidleg og kanskje kome med forslag til kva dei ønskjer.
- *Forslag til nye vedtekter*: UFU må vedteke dette seinast første møte i januar. Det er sjølv sagt mogleg å kome med endringsforslag på UFT, men UFU har hatt så god tid på seg til å førebu seg.

Desse dokumenta må sendast ut seinast 10 dagar før Ungdommens fylkesting, men alt som ungdomsråda

må drøfte før tinget bør kome ut så tidleg at dei har moglegheit til å ta det opp på eit møte i ungdomsrådet. Tingdokumenta for 2016 vert lagt ved denne saka.

Om det elles er nokre praktiske ting det ønskjer til UFT må dette avklarast slik at administrasjonen har moglegheit til å ordne det. Til dømes:

- Ordstyrarar, om de ønskjer at administrasjonen skal invitere dei.
- Innleiarar, om de ønskjer at administrasjonen skal invitere dei.
- Kva materiell skal trykkast opp?
- Kva gāve skal ein gi til innleiarar?
- Kor mange premiar til leikar?
- Plakatar?
- Anna utstyr?

Val som må førebuast på møtet i desember:

- Redaksjonskomite
- Valkomite
- Kontrollkomite

Anna:

- Korleis skal UFT publiserast?
- Korleis sikre at flest mogleg kommunar deltek?
- Opplegg for det sosiale begge kveldane?
- Køyreregler for UFT?

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.